



Org nr: 983 09 1539 MVA
Hella 60
5936 Manger
Mob Marius: 995 46 989
Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Svar til uttale frå plan for byggesak på Gnr: 99 Bnr: 11 og 13

Det som er utfordringane til tiltakshavar med tanke på plasseringa er:

- Reguleringsplanens krav til avstand frå grensa mot gbnr: 99/77 kombinert med plass for lastebil til å tømme felles slamavskiljar.
- Plass til parkering og veg.
- Godkjent VA plan.
- Fornuftig framtidig plassering av dei neste rorbueene utan å kome i konflikt med noko av det som er nemnt over.

Iht. godkjent VA plan går det leidningar framom rorbua, det lar seg såleis ikkje gjere å flytte den lenger mot sjø utan att tiltaket kjem i konflikt med leidningsnett i nemnt plan. Men det er framleis plass til vegen som innteikna i reguleringskartet.

Når det gjeld sidevegs flytting må det lagast meir plass til tømning av slamavskiljar enn det reguleringskartet syner på illustrasjonen av plasseringar.

Dette kombinert med plass til parkering, framtidige rorbuer og VA plan gjer att den einaste moglege og fornuftige plasseringa vert som den er innteikna på situasjons kartet.

Først etter att VA anlegget inkl. felles slamavskiljar for bustadområdet var på plass, var det mulig å bestemme den nøyaktige plasseringa av rorbueene.

Når alt er tatt i betraktning lar det seg difor dessverre ikkje gjere å endre plasseringa utan å lage problem.

Planens plassering av rorbueene er illustrativ og det er ikkje spesifisert nøyaktig fotavtrykk eller plassering.

Det er berre krav om maks. 7 rorbuer og krav iht. føresegner i reguleringsplanen.

Sandane 03.07.2017


HAMMAR Hella 60
KAMERATANE AS 5936 Manger

Ansvarleg søkar
Marius Tenden